

Folkestadåsane



Høgdeforskjellane er små på dei låge skogåsane mellom Folkestadgrenda og Hørteelva. Her er det glissen furuskog, flate berg, runde åsryggar, store myrar og to fine tjern. Dei mjuke, lettgatte stiane gjer dette til eit turområde som passar for alle, både liten og stor, gammal og ung. Når snøen ikkje ligg for tjukk, kan du gå på stiane heile året. Det er ca fem km frå Bø sentrum til parkeringsplassane. Bø bussen går hit.

Turane

Frå informasjonstavlene ved Dansarberga og Mogan går det merka stiar opp til Trytetjønn. Der er det fine raste- og badeplassar. Herifrå kan ein gå vidare mot Hørteelva. Stiane nord på Folkestadåsane er blåmerka og skilta. Hovudstiane er "Trytetjønnvegen" og "Postkassevegen", som er gamle vegar på tvers av åsane.

Frå Telemarkshallen til Hørteelva er det ca. tre km. Til Trytetjønn er det nesten to km. Ein rundtur på heile åsen blir gjerne ein dagstur. Høgdeforskjellane på åsen er om lag 60 m. Det står kart i alle kryss til merka sti.

Sørover på åsane er det mange fine, umerka stiar. Åskollen er eit populært turmål for barnefamiljar. Her er det fin utsikt mot Sauherad og Norsjø.

Frå Ølsbru kan ein ta inn på det gamle vegfaret forbi Vermelia til Lauvtjønn på Roheimheia.


Hørteelva

Hørteelva byr på fine naturopplevingar og mange bademoglegheiter langsetter heile elva. Lengst nord på åsen finn vi den høgaste fossen i elva. Høgefoss har ni meter fall. Nedanfor Ølsbru finn vi Langefoss med fine berg og jettegryter.

Kulturminne

På Bekkekollen sør for Åskollen ser vi murane etter ei gammel bygdeborg frå folkevandringstida. Sør for Fuglemyrane ligg Svenkes heller. Svenke var fredlaus og skjulte seg der. Ved Torvmyra fortel spor i myra om uttak av torv til strø for husdyr.

Husmannsplassane ved Hørteelva blei rydda på 1800-talet av arbeidsfolk på Hørteverket. I dag er det berre tuftene og rydningsrøysene som vitnar om slitet på plassane. Frå Fykerudplassen kom storspelemannen Lars Fykerud. Namnet Tamburkåsa fortel at der budde ein tambur; ein militær trommeslagar.



Øvst: Åskollen, utsikt mot Norsjø.

Midten: Ein flomstor Høgefoss.

Nedst: Store Trytetjønn, Lifjell i bakgrunnen.